

Til fylkesutvalsmedlemene i Hordaland

Invitasjon til kulturminnemarkering i Christieparken

Det er ei glede for meg å på vegne av Hordaland fylkeskommune å invitere til kulturminnemarkering i Christieparken på Årstad i Bergen måndag 20. oktober klokka 14.

Bli med på meg på ei historiske vandring i parken saman med blant andre forfattar av biografien om W.F.K. Christie - Runar Jordåen som vil gje nokre smakebitar frå boka som vert lansert same kveld, spesialrådgjevar i seksjon for kulturminnevern og museum Erlend Hofstad og Sissel Lerum i Grønn Etat i Bergen kommune. Vi vil få ei unikt innblikk i parkens historie og korleis han vert nytta i dag. Mannskoret Arme Riddere dukkar også opp med ei musikalsk overrasking.

[Christieparkens vener](#) vil gje omvising i Christie mølle, og dersom det regnar godt nok vil også mølla kunne vere i drift. Hugs i tilfelle paraply!

Dette er eit gratis arrangement for alle og vil gå føre seg i parken sin øvre del, før vi går ned til Christie mølle. Det blir servert skilingsbollar og kaffi.

Hordaland fylkeskommune ved seksjon for kulturminnevern og museum er ansvarleg for arrangementet. Det er ein del av Christiedagen i samarbeid med Universitetet i Bergen og Riksantikvaren.


Sjå meir om arrangementa denne dagen på desse lenkjene:

www.hordaland.no/grunnlovsjubileet
www.uib.no/grunnlovsjubileet2014

Har de spørsmål eller ynskjer meir informasjon, kontakt rådgjevar Laila Melkevoll, laila.melkevoll@hfk.no eller 93034668.

Sidan arrangementet er ope for alle er det ikkje naudsynt med påmelding.
Hjarteleg velkomen!

Venleg helsing



Mona H. Hellesnes
Fylkesvaraordfører og leiar i komiteen for Grunnlovsjubileet i Hordaland

Vi feirar



GRUNNLOVSJUBILEET
1814-2014